

SYKKYLVEN KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren
Revisor

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I SYKKYLVEN KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet onsdag 22.06.2011 kl. 1200 på Sykkylven rådhus.

SAKLISTE:

- Sak 21/11 - Godkjenning av møtebok frå møte 9. juni 2011
- ” 22/11 - Tilsynsrapport frå fylkesmannen i Møre og Romsdal om behandling av søknader om økonomisk sosialhjelp i Sykkylven kommune
- ” 23/11 - Klagenemnda for offentlige anskaffelser sitt gebyrvedtak av 3. mai 2011 for ulovleg direkte kjøp ved kjøp av IKT-tenester i 2009 i Sykkylven kommune
- ” 24/11 - Revisjonsrapport nr. 1 2011 om handtering av rentederivat/sal av renteopsjonar (swapsjonar) i Sykkylven kommune

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no.

Rolf Bergmann
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
SYKKYLVEN KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 09.06.2011, kl.14.30

Møtestad: Formannskapsalen

Møtet vart leia av: Rolf Bergmann

Desse deltok:

Rolf Bergmann, Torild Hole og Steinar Myrseth

=3 voterande

Frå Sykkylven kommune møtte økonomisjef Arild Bergstrøm i sak 19/11 og 20/11.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen og revisjonsrådgjevar Svein Ove Otterlei.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

SAK 18/11

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 24. MAI 2011

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 24. mai 2011 blir godkjent

SAK 19/11

ÅRSMELDING 2010 – SYKKYLVEN KOMMUNE

Innstilling frå kontrollutvalsekretariatet datert 09.06.2011

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek årsmelding 2010 for Sykkylven kommune til orientering og det blir vist til kontrollutvalet sin uttale til kommunerekneskapen.

SAK 20/11**KOMMUNEREKNESKAPEN 2010 – SYKKYLVEN KOMMUNE**

Innstilling frå kontrollutvalsekretariatet datert 09.06.2011

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmeldinga og må konstatere at administrasjonen har lagt fram ein rekneskap for 2010 i Sykkylven kommunen som er i strid med kommunelova. Kontrollutvalet vil særleg peike på § 50 som skal hindre at kommunar låner til drift. Vidare gir ikkje rekneskapen slik den er lagt fram eit godt inntrykk av drifta i Sykkylven kommune i 2010. Det er berre gevinsten av transaksjonane med rentederivat som kjem til utrykk, og ikkje det tilhøyrande urealiserte tapet på den spekulasjonen som er gjort.
2. Marknadsrapport pr. 31.12.2010 viser ein negativ verdi på swapsjonane på kr 11.235.133,-. Etter stryking av kr 4 937 327,- til dekking av tidlegare rekneskapsmessig meirforbruk, skulle driftsrekneskapen derfor vist eit meirforbruk på kr 6 297 806,-. Korrekt akkumulert rekneskapsmessig meirforbruk pr. 31.12.2010 er kr 31 674 206,-.
3. Med bakgrunn i dette ber kontrollutvalet om at selde swapsjonar blir klassifisert under arbeidskapitalen (kortsiktig gjeld), og verdiendringar ført i kommunerekneskapen for 2010.
4. Med utgangspunkt i at rettingar i samsvar med det som går fram ovanfor blir gjort, blir kommunerekneskapen 2010 for Sykkylven godkjent.

SAK 21/11**AVLØPSGEBYR OG TILHØVET TIL SAKSBEHANDLING, LOV OM FORELDING M.M.**

Innstilling frå kontrollutvalsekretariatet datert 18.05.2011

Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:

1. I sum finn kommunestyret at kommunen sin svake interne kontroll i forhold til påkopling og seinare oppfølging vedkomande abonnentane på Vik m. fleire er kritikkverdig.
2. På bakgrunn av forhold som: 3-5 årsregelen for framføring av underskot, tilbakeføring av midlar til sjølvkostfondet, foreldingsproblematikk samt kommunen si manglande oppfølging av abonnentane på Vik m.fl. over tid og meirverdiavgift, vil kommunestyret ha tilbakemelding om kva rådmannen har gjort med denne saka innan 15. september.
3. Lokale forskrifter bør gjennomgåast med tanke på klarlegging.

Rolf Bergmann
leiar
(sign.)

Torild Hole
medlem
(sign.)

Steinar Myrseth
medlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 21.06.2011

**SAK 22/11
TILSYNSRAPPORT FRÅ FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL OM
BEHANDLING AV SØKNADER OM ØKONOMISK SOSIALHJELP I SYKKYLVEN
KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

- Tilsynsrapport frå fylkesmannen i Møre og Romsdal 2011 om sosialtenesta i Sykkylven kommune

Det blir vist til rapporten som gjer greie for avvik og merknader som vart påpeikt.

Hovudområda for undersøkinga var:

- Handtering av henvendelsar
- Klarlegge og innhente relevante opplysningar
- Føreta individuelle vurderingar og avgjersler

Dei to avvika som vart avdekkja ved tilsynet er:

Avvik 1:

Sykkylven kommune/Nav Sykkylven har ikkje system som viser at vedtak om økonomisk stønad er gjort ut frå ei konkret individuell vurdering.

Den detaljerte oversikten over kva avvika går ut på er svært omfattande.

Avvik 2:

Sykkylven kommune/Nav Sykkylven har ikkje system som sikrar at opplysningar underlagt teieplikt til ei kvar tid blir handtert i høve lov og forskrift.

Også her er den detaljerte oversikten omfattande.

I vurderinga av styringssystemet i kommunen kjem mellom anna følgjande fram:
Avvika, og då særskilt avvik 1, gjer at tilsynet stiller spørsmål med om dei tilsette har god nok kunnskap og ferdigheit til å ivareta alle oppgåvene i sosialtenestlova i Nav.

Tilsynet kan heller ikkje sjå at leiinga i kommunen har eit system som jamleg skaffar seg oversikt over områder der det er fare for svikt eller mangel på oppfyljing av krav i lova, og at slik kunnskap ver nytta til systematisk forbetningsarbeid, jfr. Internkontrollforskrifta § 4 e, f og g. Under tilsynet kom det fram at kommunen ikkje har system for avviksregistrering og avvikshandtering.

Kontrollutvalsekretariata har inngått samarbeid med fylkesmannen i Møre og Romsdal om samordning av kontrollområde og utveksling av rapportar. I samarbeidet ligg også at kontrollutvalsekretariatet skal ha eit visst tilsyn med at tilsynsrapportar frå fylkesmannen blir førelagt kommunestyra.

På bakgrunn av ovenstående blir saka lagt fram for kommunestyret med forslag om slik

innstilling :

Kommunestyret stiller seg kritisk at det er funne so mange avvik i sosialtenestene i Sykkylven kommune og ber rådmannen snarast sette i verk tiltak til forbetringar.

Harald Rogne
dagleg leiar

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Samandrag

Denne rapporten gjer grele for dei avvik og merknader som blei påpeikte innanfor dei områda som blei reviderte.

Temaet for tilsynet var behandling av søknad om økonomisk stønad. Gjennom tilsynet blei det undersøkt om kommunen ved sine styringsaktivitetar (Internkontroll) sikrar at søkjar sin rett til økonomisk stønad vert ivareteke. For å undersøke dette blei det teke utgangspunkt i bestemmingane om økonomisk stønad i lov om sosiale tjenester i Nav §§ 18 og 19, i sakshandsamingskrav fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift og i krav til Internkontroll. Tilsynet skulle avklare om kommunen sikrar at søknadar om økonomisk stønad vert behandla etter lov og forskriftskrav. Det skulle særleg leggjast vekt på å undersøkje om kommunen sikrar at det vert gjort individuelle vurderingar.

Det var tre hovudområde som skulle undersøkjast i tilsynet. Områda kan og bli sett på som fasar i søknadsprosessen frå søknad om økonomisk stønad ligg føre til vedtak er fatta. Dei tre områda eller fasane er:

- handtering av henvendinger
- kartleggje og innhente relevante opplysningar
- foreta individuelle vurderingar og avgjersler

Under tilsynet blei det avdekka to avvik:

Avvik 1:

Sykkylven kommune/Nav Sykkylven har ikkje system som viser at vedtak om økonomisk stønad er gjort ut frå ei konkret, individuell og skjønsmessig vurdering

Avvik 2:

Sykkylven kommune/Nav Sykkylven har ikkje eit system som sikrar at opplysningar underlagt teleplikt til ei kvar tid blir handtert i høve lov og forskrift

Dato: 4.5.2011

Aase Årsbog Dyrset
revsjonsleiar

Gro-Malén Brønnestad
revisor

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter systemrevisjon ved Sykkylven kommune i perioden 21.12.2010 – 4.5.2011. Revisjonen går inn som ein del av den planlagde tilsynsverksemda hos Fylkesmannen i dette året.

Fylkesmannen har fullmakt til å føre tilsyn med sosialtenesta i arbeids- og velferdsforvaltninga etter lov om sosiale tenester i Nav § 9.

Formålet med systemrevisjonen er å vurdere om verksemda tek hand om ulike krav i lovgivinga gjennom internkontrollen sin. Revisjonen omfattar å undersøkje om:

- kva tiltak verksemda har for å avdekkje, rette opp og førebyggje brot på lovgivinga Innafor del tema tilsynet omfattar
- tiltaka blir følgde opp i praksis og om nødvendig korrigerde
- tiltaka er gode nok for å sikre at lovgivinga blir følgd

Ein systemrevisjon blir gjennomført ved å granske dokument, ved intervju og andre undersøkingar.

Rapporten handlar om avvik og merknader som er avdekte under revisjonen og gir derfor inga fullstendig tilstandsvurdering av det arbeidet verksemda har gjort innanfor dei områda som tilsynet omfattar.

- **Avvik** dreier seg om at krav som er gitt i eller i tråd med lov eller forskrift, ikkje er oppfylte
- **Merknad** er forhold som ikkje er i strid med krav som er fastsette i eller i tråd med lov eller forskrift, men der tilsynsorganet finner grunn til å påpeike betringspotensial

2. Omtale av verksemda - spesielle forhold

Sykkylven ligg sentralt i hjartet av Sunnmørsalpane og har om lag 7.500 innbyggjarar.

Nav Sykkylven vart opna i oktober 2007. Nav Sykkylven vert leia av Navleiar og er organisert i team for mottak og team for oppfølging, både mottaksteam og oppfølgjningsteam har eigen teamkoordinator. Del kommunale tenestene som inngår i kontoret er økonomisk sosialhjelp, råd og rettleiing, mellombels bustad og kvalifiseringsprogrammet. I samband med utarbeiding av samarbeidsavtalen mellom kommunen og arbeids- og velferdsetaten vart det avtalt ei ressursoverføring på 3 årsverk frå kommunen til Nav kontoret.

3. Gjennomføring

Systemrevisjonen omfattar følgjande aktivitetar:

Revisjonsvarsel blei sendt ut 21.12.2010. Oversikt over dokument som verksemda har sendt over i samband med tilsynet, er gitt i kapitlet Dokumentunderlag.

Formøte blei halde 10.2.2011.

Opningsmøte blei halde 23.3.2011.

Intervjuer

7 personar blei intervjuet.

Oversikt over dokumentasjon som blei gjennomgått under revisjonsbesøket, er gitt i kapitlet Dokumentunderlag.

Sluttmøte blei halde 24.3.2011.

4. Kva tilsynet omfatta

Temaet for tilsynet var handsaming av søknad om økonomisk stønad. Gjennom tilsynet vart det undersøkt om kommunen ved sine styringsaktivitetar (Internkontroll) sikrar at søkjar sin rett til økonomisk stønad vert ivareteke. For å undersøkje dette vart det teke utgangspunkt i bestemmingane om økonomisk stønad i Lov om sosiale tjenester i Nav §§ 18 og 19, i sakshandsamingskrav fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift og i krav til Internkontroll. Tilsynet skulle avklare om kommunen sikrar at søknadar om økonomisk stønad vert handsama etter lov og forskrift.

Det var tre hovudområde som skulle undersøkjast i tilsynet. Områda kan og bli sett på som fasar i søknadsprosessen frå søknad om økonomisk stønad ligg føre til vedtak er fatta. Dei tre områda eller fasane er:

- handtering av henvendinger
- kartleggje og innhente relevante opplysningar
- foreta individuelle vurderingar og avgjerdslar

5. Funn

Avvik 1:

Sykkylven kommune/Nav Sykkylven har ikkje system som viser at vedtak om økonomisk stønad er gjort ut frå ei konkret, individuell og skjønnsmessig vurdering

Avvik frå følgjande krav frå styresmaktene:

- Forvaltningsloven § 25 (grunngjevinga sltt innhald)
- Forvaltningsloven § 18 (partane sin adgang til å gjere seg kjent med saka sine dokument)
- Forvaltningsloven §17 (forvaltningsorganet si utgreiing- og informasjonssplikt)
- Lov om sosial tjenester i Nav § 22, jf § 21 om utbetaling av stønad
- Lov om sosial tjenester i Nav § 42 (plikt til å rådføre seg med tenestemottakar)
- Lov om sosial tjenester i Nav § 43 (Innhenting av opplysningar)
- Lov om sosial tjenester i Nav § 4 (krav til forsvarlegheit)

- Lov om sosial tjenester i Nav § 17 (opplysning, råd og rettleiing)
- Lov om sosial tjenester i Nav §§ 18 og 19
- Lov om sosial tjenester i Nav § 20 (om bruk av vilkår)
- Lov om sosial tjenester i Nav § 5 (om internkontroll)
- Forskrift om internkontroll for kommunen i arbeids- og velferdsforvaltninga § 4
- Forvaltningsloven § 17, jf 41 (opplysning, råd og rettleiing)
- Forvaltningsloven § 11, jf forvaltningsloven §§ 2, 3 og 5 (rettleiingsplikt)
- Forvaltningslovsforskrifta

Avviket byggjer på følgjande:

- Ved gjennomgang av vedtak går det fram at barn sin situasjon i familliar med marginal inntekt ofte ikkje blir synleggjort i samband med kartlegging og utgreiing som er gjort
- Ved gjennomgang av vedtak går det fram at søkjar blir oppfordra til å be om barneverntiltak framfor å søkje om økonomisk sosialhjelp
- Ved gjennomgang av vedtak framgår ikkje vurderinger knytta til barn sine behov for fritidsaktiviteter og andre særskilte utgifter knytt til barn
- Under dokumentgjennomgang kjem det fram at det vert gjeve avslag på økonomisk stønad utan at det er gjort ei konkret individuell vurdering av søkjar sin situasjon
- Ved gjennomgang av journal går det fram at søkjer har fått avslag på søknad om dekning av gjeld som knytter seg til utgifter til tannlege og lege. I vedtaket er det konkludert med at dekning av gjeld knytt til tannlege og lege ikkje er ei pliktmessig yting, og det er ikkje gjort ei individuell vurdering
- Ved gjennomgang av journal går det fram at ein einsleg forsørgjar som søkjer om stønad til etablering får avslag og blir bedt om å ta opp lån. Det går ikkje fram av vedtaket kva for konkrete individuelle vurderingar som ligg til grunn for avslaget, og det er utelukkande vlst til søkjar sin økonomiske situasjon
- Ved gjennomgang av journal går det fram at ein søkjar får avslag på søknad om stønad til livsopphald. Som grunngeving for avslaget blir det vlst til at utbetalt eingongsstønad ved fødsel skal dekkje livsopphald i 3 månader med kr. 15.000 av totalt kr. 35.000. Det går ikkje fram av vedtaket om det er gjort vurderingar knytt til om utgifter til barnet samt øvrige utgifter i samband med fødselen er dekt
- Ved gjennomgang av journal og under intervju kjem det fram at søkjar må leggje fram kontoutskrift for dei 2-3 siste månader, og at føremålet med dette er å sjå korleis søkjar har disponert midlane sine. Søkjar får ikkje orientering om at opplysningar kan sladdast
- Under intervju kjem det fram at søknad om økonomisk stønad ikkje blir registrert av mottaket før all dokumentasjon som er etterspurt ligg føre

- Ved gjennomgang av journal går det frem at stønad blir utbetalt direkte til kreditor. Det går ikkje fram av vedtaket kva vurderingar som ligg til grunn for dette, og det går heller ikkje fram om det er i samråd med søkjar
- Ved gjennomgang av vedtak gikk det fram at stønad i hovudregel vert ubetalt ein gong pr. månad. I enkelte saker gikk det fram at økonomisk stønad blei utbetalt to gonger pr. månad utan at det gikk fram kva vurdering som låg til grunn for den avgjerdsla
- Gjennomgang av vedtak viser ei mangelfull framstilling av søkjar sin konkrete situasjon på søknadstidspunktet
- Av fleire journalar går det frem at brukarar utelukkande blir vurdert opp imot sin økonomiske situasjon. Sjølv om opplysningar i sakene viser at søkjar over tid ikkje er i stand til å følgje opp avtaler mv. framgår det ikkje vurderingar knytt til om brukaren har behov for sosialfagleg oppfølging på anna måte
- Ved gjennomgang av journal kjem det fram at søkjar i ei klage har opplyst å mangle elementært innbu, og at vedkomande over tid har motteke økonomisk stønad. Det går ikkje fram av saka om sosialtenesta har vurdert søkjar sin totale situasjon og søkjar sitt eventuelle behov for stønad til innbu
- Ved gjennomgang av journal går det ikkje frem vurderingar av kvifor søkjar vert innvilga økonomisk sosialhjelp under dei statleg rettleiande satsane for økonomisk stønad
- Ved gjennomgang av vedtak går det fram at Nav Sykkylven legg til grunn den tidligare økonomisk situasjon i staden for den faktiske økonomiske situasjon på søknadstidspunktet
- Under intervju kommer det frem at § 18 i lov om sosiale tenester blir oppfatta som ei rein utmålingsføresegn
- Ved gjennomgang av vedtak går det frem at barnetrygd blir rekna med i søkjar sine inntekter utan at søkjar sine utgifter til SFO og barnehage blir ført som utgift
- Under intervju kjem det fram at Sykkylven kommune/Nav Sykkylven nyttar standard sats på kr. 50 pr. døgn til naudhjelp, utan at det blir gjort ei konkret individuell vurdering av søkjar sin situasjon
- Ved gjennomgang av vedtak går det frem at det ved vilkårssetting ikkje blir vist til rettsleg grunnlag for vilkår, og det fremgår heller ikkje kva konsekvensen av å bryte vilkår kan bli. I fleire vedtak er det sett vilkår det kan stilles spørsmål ved om har nær samheng med vedtaket
- Ved gjennomgang av vedtak går det frem at kommunen ikkje behandlar det som det er søkt om, og i staden vurderer noko som ikkje er nemnt i søknaden. Det går ikkje fram av saka at søknaden er heilt eller delvis trekt tilbake
- Gjennomgang av vedtak viser at det i stor grad blir nytta standardtekster i vedtaket, til dømes krav om refusjon i trygdeytling utan at det er aktuelt i den konkrete saka

- Ved gjennomgang av journal er journalnedteikningar utydelege, og det er uklart kven det er som har skreve dei. I tillegg er enkelte journalnotat dokumentert på ein lite betryggande måte (post-It lappar)
- Ved gjennomgang av vedtak er det i vedtak påsett post-It lapp med melding om at deler av den innvilga stønaden er stansa for vidare utbetaling. Journalen inneheld ikkje eit endringsvedtak til parten i saka
- Under intervju kjem det frem at tilsette ser behov for opplæring innafor området økonomisk sosialhjelp. Det kjem også frem at det ikkje er rutinar for opplæring ved nyttilsettingar, og at det er opp til den enkelte tilsette å sette seg inn i regelverket
- Under intervju kjem det frem at det innafor området økonomisk stønad er lite rutinar. Rutinen om økonomisk sosialhjelp som tilsynsmyndigheita har fått seg førelagt, er i varierende grad kjent blant dei tilsette
- Under intervju kom det frem at Sykkylven kommune/Nav Sykkylven ikkje har system for avvikshandtering-/ registrering knytt til økonomisk stønad, men at slike system berre er etablert i forhold til statlege tenester
- Sykkylven kommune/Nav Sykkylven har ei mangelfull opplæringsplan på området for økonomisk sosialhjelp

Kommentar:

Det er eit sentralt prinsipp ved behandling av søknadar om økonomisk sosialhjelp, at det skal gjerast konkrete, individuelle vurderingar. Slike vurderingar skal gjerast i forhold til om det skal ytast stønad, ved eventuell utmåling av stønaden, ved avgjerd om stønadsform og ved stønadsutbetaling. Kommunen har både rett og plikt til å foreta ei individuell vurdering i kvar sak. Dei individuelle vurderingane skal gjerast innafor ramma av gjeldande lov- og forskriftsbestemmelser.

Kravet om individuell vurdering får innverknad på søknadsbehandlninga før vurderingar og beslutningar blir teke. Kravet om individuell vurdering er mellom anna styrande for kva slags opplysningar som må ligge føre for at saka skal vere tilstrekkeleg opplyst.

Ved utmåling av stønadsbeløpet er lova sin føresetnad om individuell behovsprøving, overordna både dei statlege rettleiande satsane som er gjeve, og eventuelle lokalt fastsette normer for utmåling av stønad. Kommunale normer og statleg rettleiande retningslinjer er berre rettleiande for utmålinga av stønad.

I utgangspunktet skal økonomisk stønad utbetalast direkte til den som har søkt om hjelp. Utbetaling til kreditor kan i særlege tilfeller gjerast mot søkjar sitt ønske, dersom ein av særlege grunnar kan tru at søkjaren vil bruke hjelpa til andre føremål enn det den er innvilga til. Utbetaling

til kreditor kan og gjerast dersom s kjaren sj lv  nskjer de. I begge tilfeller m  det tydeleg og konkret g  fram av vedtaket kvifor utbetaling vert gjort til andre enn s kjaren.

Etter forvaltningsloven   25 skal det komme fram av vedtaket kva faktiske forhold vedtaket bygger p . I saker som gjeld  konomisk sosialhjelp er s kjaren sin  konomiske situasjon vesentleg og som regel ein avgjerande del av faktaopplysningane. S kjaren m  difor f  bli kjent med kva faktiske forhold Nav har bygd sitt vedtak p .

Nav plikter   realitetshandsame alle sider ved ein s knad om  konomisk st nad etter lov om sosiale tenester i Nav. Det inneber at Nav Sykkylven m  gjennomf re ei grunngjeve vurdering av alle oms kte forhold og opplysningar som er gjeve i ein s knad.

Avvik 2:

Sykkylven kommune/Nav Sykkylven har ikkje eit system som sikrar at opplysningar underlagt teleplikt til ei kvar tid blir handtert i h ve til lov og forskrift

Avvik fr  f lgjande krav fr  styresmaktene:

- Lov om sosiale tenester i Nav    44 jfr. Forvaltningsloven   13
- Lov om sosiale tenester i Nav   5

Avviket byggjer p  f lgjande:

- Under form te og intervju ga tilsette uttrykk for at utforminga av Nav-lokala kan by p  utfordringar knytt til ivaretaking av teleplikta
- Under form te i Sykkylven kommune/Nav Sykkylven blei tilsynsmyndighelta kjent med personsensitive opplysningar ved   vere tilstede i mottaket
- Under intervju kom det fram at brukarar gir sensitive opplysningar om seg sj lv i publikumsmottaket
- Under intervju kom det fram at tilsette har ulik oppfatning av kva teleplikta omfattar
- Ved gjennomgang av vedtak g r det fram at Nav Sykkylven har sendt e-post til straumleverand r med detaljerte opplysningar om ein brukar. Det er mellom anna gjeve opplysningar om vedkomande sine inntekter og utgifter, og kva vedkomande har krav p  av ytingar fr  Nav
- Ved gjennomgang av journal g r det fram at st nad blir utbetalt direkte til kreditor. Det g r ikkje fram av vedtaket kva vurderingar som ligg til grunn for det, og det g r heller ikkje fram om det er i samr d med s kjar
- Mottakslokalet er utforma med korte avstandar mellom mottak av henvendinger, ventesone, k  omr det i ekspedisjonen og pc til nytte for publikum

Kommentar:

Teleplikt er plikt til å tie om personlege forhold og plikt til å hindre at uvedkommande får innsyn i slike forhold. Teleplikt inneber også ei plikt til å leggje til rette for at opplysningar som er underlagt teleplikt kan utvekslast på skjerma sted. Søkjar skal ikkje settast i ein situasjon som gjer at vedkommande føler at opplysningar som er underlagt teleplikt må opplysast når uvedkommande kan høyre. Teleplikt om personlege forhold er i hovudsak grunngjeve i to omsyn – omsynet til personleg integritet og omsynet til tillitsforholdet mellom brukaren og forvaltninga. Ei rekkje opplysningar som Nav-kontoret mottok er av ein slik art at brukaren ikkje ønskjer at dei skal bli kjent. For at forvaltninga av tenesta økonomisk stønad skal utførast forsvarleg, skal det innhentast tilstrekkelege opplysningar til å kunne avgjere ein søknad. Ofte er det nødvendig med opplysningar av personleg karakter, og det er difor viktig at forholda er lagt til rette for at brukaren kan sikrast at teleplikta vert overhalde. Dersom teleplikta ikkje vert overhalde kan tilliten svekkast, og resultatet kan bli at viktige opplysningar blir held tilbake. I verste fall kan det føre til at brukarar ikkje oppsøker tenesta.

6. Vurdering av styringssystemet i verksemda

Lovfesta plikt til å etablere eit styringssystem på området økonomisk sosialhjelp blei innført 1. januar 2010, jf. § 5 i lov om sosiale tjenester i Nav. Kommunen skal sjå til at verksemda er innretta slik at søknader om økonomisk stønad vert handsama i tråd med gjeldande lov og regelverk. Gjennom styringssystemet skal verksemda sikre at oppgåver og tenester vert utført i samsvar med lovkrava slik at det ikkje blir tilfeldig om regelverket blir etterlevd. Kva funksjonar styringssystemet i form av internkontroll skal ivareta, er nærare beskrive i forskrift om internkontroll for kommunen i Nav. Det er eit leiaransvar å etablere eit styringssystem, følgje med på den daglege drifta og sjå til at tiltak og tenester fungerer som forutsett.

Under tilsynet kom det fram at Sykkylven kommune ikkje har sikra seg godt nok til at dei kommunale tenestene ved Nav Sykkylven er i samsvar med lov og forskrift. Dei observasjonar som ligg til grunn for dei avvik som er avdekt, viser at det ikkje er tilstrekkeleg fokus på internkontrollen for å sikre dei sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga i Sykkylven kommune.

Avvikla, og då særskilt avvik 1, gjer at tilsynet stiller spørsmål med om dei tilsette har god nok kunnskap og ferdigheit til å ivareta alle oppgåvene i sosialtenestelova i Nav. Tilsynet viser her til internkontrollforskrifta § 4 pkt. c.

Tilsynet kan heller ikkje sjå at leinga i kommunen har eit system som jamleg skaffar seg oversikt over områder der det er fare for svikt eller mangel på oppfyljing av krav i lova, og at slik kunnskap vert nytta til systematisk forbetningsarbeid, jfr. internkontrollforskrifta § 4 e, f og g. Under tilsynet kom det og fram at kommunen ikkje har system for avviksregistrering og avvikshandtering.

Kommunale oppgåver er med på målekortet i Nav, men tilsynet kunne ikkje sjå at det i nødvendig grad fangar opp utfordringar knytt til kompetanse og kvalitet i verksemda.

7. Regelverk

Følgjande regelverk regulerte områda for tilsynet:

- Lov om sosiale tjenester i Nav
- Lov om behandlingssmåten i forvaltningssaker

8. Dokumentunderlag

Dokumentasjon frå verksemda knytt til den daglege drifta og andre viktige forhold som blei send over da revisjonen blei førebudd:

- Organisasjonskart Nav Sykkylven
- Lokal samarbeidsavtale mellom arbeids- og velferdsetaten i Møre og Romsdal og Sykkylven kommunen
- Rutine – økonomisk sosialhjelp
- Målekort Nav Sykkylven pr. desember 2010
- Reglement for videre delegering av mynde frå rådmannen i Sykkylven kommunen
- Oversikt over personell som har oppgåver relatert til økonomisk sosialhjelp
- Årsrapport for 2009 Nav Sykkylven
- Kompetanseplan Nav Sykkylven 2011

Dokumentasjon som blei gjennomgått under revisjonsbesøket:

- Skjema for samtykkeerklæring ved behov for tverrfagleg samarbeid
- Søknadsskjema: Søknad om økonomisk stønad
- Skjema med opplysningar om teleplikt for tilsette

Korrespondanse mellom verksemda og Fylkesmannen:

- Brev frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal der tilsynet blei varsla, 21.12.2010
- E-post frå Nav Sykkylven med informasjon om kontaktperson for tilsynet, 5.1.2011
- E-postar frå Sykkylven kommune v/Nav Sykkylven med etterspurd dokumentasjon, 31.1.2011
- Brev frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal med program for tilsynet, 7.3.2011
- E-post frå revisjonsleiar for tilsynet til kontaktperson for tilsynet i Sykkylven kommune med endring i programmet

9. Deltakarar ved tilsynet

Tabellen under gir ei oversikt over deltakarane på opningsmøte og sluttmøte, og over kva personar som blei intervjua.

Namn	Funksjon / stilling	Deltakarar ved tilsynet		
		Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Liv Berit Alme	Nav leiar	X	X	X
Eldrid Suorza	Kommunalsjef	X	X	X
Inghild Lyshol	Velldar Nav	X	X	X
Bo Grebstad	Veiledar Nav		X	X
Jannicke Muldal	Veiledar Nav		X	
Nora Elin Johansen	Veiledar Nav sosialkonsulent		X	X
Jullanne Fauske	Veiledar Nav sosionom		X	X
Judith Damm	Veiledar mottak		X	
Are E. Elden	Veiledar Nav		X	X
Hildebjørd Holmberg	Veiledar mottak		X	X

Frå tilsynsorganet deltok:

Sissel Tho, senlarrådgevar/sosionom

Gro-Malén Brønnestad, rådgjevar/jurist

Aase Årsbog Dyrset, revisjonsleiar/sosionom

På formøte deltok følgjande frå tilsynsorganet:

Sissel Tho, senlarrådgevar/sosionom

Aase Årsbog Dyrset, revisjonsleiar/sosionom

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 21.06.2011

**SAK 23/11
KLAGENEMNDA FOR OFFENTLIGE ANSKAFFELSER SITT GEBYRVEDTAK
AV 3. MAI 2011 FOR ULOVLEG DIREKTE KJØP VED KJØP AV IKT – TENESTER
I 2009 I SYKKYLVEN KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

- Klagenemnda for offentlige anskaffelser sitt gebyrvedtak 3. Mai 2011 i sak 2010/222

Sykkylven kommune vart innklaga av firmaet UniConsult AS som meinte at Sykkylven kommune sine avtalar med PC Support AS om kjøp var ulovlege direkte innkjøp.

Sykkylven kommune føretok i 2004 store investeringar på IKT - området. Det vart ikkje iverksett konkurranse på trass av at omfanget av kjøpet tilsa at det måtte konkurranseutsettast. Avtalen med PC Support frå 2009 var ei vidareføring av avtalen frå 2004 og ein revisjon av ein avtale frå 2007.

Kontrollutvalet var hadde også den gongen saka oppe til behandling.

Sykkylven kommune meinte i sitt svar til KOFA (Klagenemnda for offentlige anskaffelser) at det ikkje kan klagast på vedtak fatta for sju år sidan, at kommunen er innmeldt i ROBEKK – registeret og at eit straffegebyr ikkje kan finansierast på annan måte enn ved å redusere tenestetilbodet til innbyggjarane.

Av klagenemnda si vurdering går det fram at det kun er kontrakten frå 2009 som det blir gitt gebyr for og som er vurdert i forhold til ulovlege innkjøp. Det går vidare fram at ein ulovleg kontrakt frå 2004 ikkje kan bli vidareført i 2007 og 2009 slik kommunen hevdar. Av Kofa sine vurderingar går også følgjande fram:

Det er et vilkår for å ilegge overtredelsesgebyr at overtredelsen er grov uaktsom eller forsettlig frå oppdragsgivers side ----- . Det understrekes i denne forbindelse at offentlige oppdragsgiver forutsettes å ha god oversikt over regelverket for offentlige anskaffelser-----.

Ut i frå dette har kommunen handla grovt uaktsomt eller forsetteleg i denne saka.

Kommunen har fått eit gebyr på kr 290.000 - omlag 14 % av kontraktsummen. Den høgste prosentsatsen som kan bli gitt er 15 %. Om denne satsen skriv Kofa:

De høyeste prosentsatsene, opp mot 15 prosent, bør likevel reserveres for særlig grove tilfeller, der de skjerpede omstendigheter er iøyenfallende, og det ikke foreligger formildende omstendigheter.

Både kommunen sin advokat, kontrollutvalet og kommunestyret var involvert i saka frå 2004. Det går fram av kommunestyret sitt vedtak frå 2004 at kommunen heretter skulle halde seg innanfor innkjøpsregelverket. Inngådde avtalar frå 2009 må derfor også reknast å vere i strid med tidlegare kommunestyrevedtak.

På bakgrunn av ovenstående blir saka lagt fram for kommunestyret med forslag om slik

innstilling :

Kommunestyret stiller seg kritisk til rådmannen i si handtering av innkjøp i denne saka og viser til Kofa sitt gebyrvedtak 3. mai 2011 og det faktum at nemnte kjøp ikkje har vore i samsvar med reglane i Lov om offentlige anskaffelser.

Harald Rogne
dagleg leiar



**Klagenemnda
for offentlige anskaffelser**

Klagenemnda ila Sykkylven kommune et gebyr på 290 000 kroner for ulovlig direkte anskaffelse i forbindelse med anskaffelse av IKT-tjenester i 2009. Klagenemnda fant at skyldkravet i loven § 7b var oppfylt, og ila et gebyr som utgjør i underkant av 14 prosent av anskaffelsens verdi.

Klagenemndas gebyrvedtak 3. mai 2011 i sak 2010/222

Klager: UniConsult AS

Innklaget: Sykkylven kommune

Klagenemndas medlemmer: Tone Kleven, Georg Fredrik Rieber-Mohn og Bjørg Ven.

Saken gjelder: Påstand om ulovlig direkte anskaffelse og illeggelse av overtredelsesgebyr.

Innledning:

- (1) Det vises til klage fra UniConsult AS (heretter kalt klager) mottatt 14. juli 2010. Saken gjelder påstand om ulovlig direkte anskaffelse i forbindelse med Sykkylven kommunes (heretter kalt innklagede) avtaleinngåelser med PC Support AS (heretter kalt valgte leverandør) om levering av IKT-tjenester.
- (2) Klagenemnda for offentlige anskaffelser er kommet til at innklagede ilegges et gebyr på 290 000 kroner. Vedtaket er fattet med hjemmel i lov 16. juli 199 nr. 69 om offentlige anskaffelser § 7b første ledd.

Bakgrunn:

- (3) Innklagede inngikk en avtale med valgte leverandør om kjøp, implementering og drifting av datasystem og utstyr til helse- og sosialsektoren i 2004. Anskaffelsen ble ikke konkurranseutsatt.
- (4) Avtalen fra 2004 hadde vært gjenstand for politisk behandling forut for avtaleinngåelsen. I den forbindelse tok klager ved brev datert 21. mars 2004 kontakt med innklagede og gav uttrykk for å være holdt utenfor oppdraget. Klager er et dataselskap som har base i Sykkylven kommune, og som tidligere hadde levert spesialprogram til pleie- og omsorgsavdelingen.
- (5) Av rådmannens innstilling datert 1. april 2004 fremgår det at bakgrunnen for avtaleinngåelsen var at helse- og sosialutvalget i kommunen hadde bedt kommunestyret om å "*avklare opplegg og finansiering av kostnader knytt til dataløsning for helse- og sosialsektoren, pleie- og omsorg og bu- og aktivitetssenteret*". Det fremgår videre at innklagede i den sammenheng kun tok kontakt med valgte leverandør, som på forespørsel utarbeidet et forslag til systemløsning og deretter leverte et tilbud på levering av system til innklagede 16. mars 2004. Innklagedes budsjett var på 323 000 kroner, mens valgte leverandørs tilbud var på ca. 1,2 millioner kroner. Det fremgår videre at innklagede erkjenner at det ikke er åpnet for reell konkurranse ved

Postadresse
Postboks 439 Sentrum
5805 Bergen

Besøksadresse
Olav Kyrresgate 8
5014 Bergen

Tlf.: +47 55 59 75 00

Faks: +47 55 59 75 99

E-post:

postmottak@kofa.no

Nettside: www.kofa.no

anskaffelsen og at regelverket for offentlige anskaffelser dermed ikke er fulgt, samt at innklagede for fremtiden må endre sine anskaffelsesrutiner. Fra kommunestyrets vedtak i sak 26/04 hitsettes:

”

1.1 Kommunestyret må påpeike at saka om dataløysinga for helse/sosial, pleie og omsorg og bu- og aktivitetssenteret har ført til ein situasjon som har gjort høve til reell konkurranse mellom aktuelle leverandørar vanskeleg.

1.2 Kommunestyret må presisere at kommunale innkjøp i framtida må leggest opp slik at kommunen på ein tilfredsstillande måte følgjer reglane om offentlege innkjøp.

1.3 Dersom framgangsmåten i saka, jf. pkt 1.1 har medført at andre aktuelle leverandørar ikkje har fått høve til å fremje tilbod eller det under prosessen har kome fram opplysningar eller synspunkt som kan ha gitt negative verknader for aktuelle firma, så seier kommunestyret seg lei for dette.

2. Slik saka står må kommunestyret likevel legge størst vekt på at kommunen snarast kan få etablert ei tenleg dataløysing for dei aktuelle sektorane.

Ut frå dette vedtek kommunestyret å akseptere den systemløysing PC Support AS har utarbeidd og det tilbod PC Support AS har levert for utstyr m.m. og implementering. Samla kostnadsramme er då kr 1.215.670 eks.mva.”

